



Naturvernforbundet Nordhordland
v/Jan Nordø
Hoplandsjøen 74
5943 Austrheim

7. november 2010

Austrheim kommune
5943 Austrheim

Uttale til reguleringsplan for gnr 139 bnr 11 m.fl., Solesjøen

Naturvernforbundet Nordhordland er kritisk til at reguleringsplanen legg opp til tett bustadbygging i eit område som Austrheim kommune i kommuneplanen 2006-2017 har vedteke skal vera LNF-område. Reguleringsplanen er i strid med kommuneplanen og dei landbruks-, natur- og friluftsverdiane som kommunen meiner området har. Naturvernforbundet vil difor be Austrheim kommune på prinsipielt grunnlag å avvisa planen.

Rett nok tillet føresegnene til kommuneplanen spreidd busetnad i delar av området, men 41 bueiningar i dette regulerte området må reknast for tett utbygging. I tillegg kjem tilkomstveggar og parkeringsplassar. At reguleringa skjer i strandsona og legg opp til naust og småbåtanlegg, forsterker inntrykket av tett busetnad.

Naturvernforbundet minner om sentrale føringar for spesielt vern av strandsona, omsyn til landskapet, biologisk mangfald og friluftsliv. I den samanhengen meiner vi forslaget om naust og småbåtanlegg med flytebyggjer i strid med den nye plan- og bygningslova. Tiltaka kan føra til privatisering av strandsona og hindra fri ferdsle. Om ikkje Austrheim kommune avviser heile planen, bed likevel Naturvernforbundet om at føremåla om naust og småbåtanlegg vert trekte ut, i alle høve til kommunen er ferdig med naustplan for Austrheim kommune.

Argumentet vert forsterka av at Notholmen rett utanfor planområdet etter som vi kjenner til, er tilhaldstad for hegre. Holmen er også naturreservat for makrellterne og raudnebbterne, men no nokså tilgrodd. Ved å rydda holmen for vegetasjon, er det likevel fullt mogleg å restituera ternebestanden slik det vert gjort forsøk på andre stader i Nordhordland der holmar vert rydda. På Notholmen må ein sannsynlegvis velja mellom hegre og terne, men holmen er likefullt viktig for det biologiske mangfaldet.

Med helsing

Jan Nordø
Leiar

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Lokalavisene